


*Spellemann laga i 1890. Foto: Stavanger Museum.*



# TRILLA EGG OG GÅ LUSSI

Born og leik i Dalane

ARVID MIDBRØD

Leik og leiketøy har fylgd mennesket til alle tider og til alle stader på jorda. Dei leikene borna nytta i forhistorisk tid og mellomalder, viser oss at borna hadde dei same behov og kjensler då som nå. Me gjev dei små borna rangler til å ringla med og ringar til å bita i, slik det er gjort i tusener av år, og ser at dei kosar seg.

Dalane Folkemuseum i Eigersund har i si samling av leiketøy ein fuglefigur som er utskoren i tre. Den kom inn til museet i 1929 frå Helleland og blei der kalla for ei «badnauna». Uttrykket å una seg er vel kjend i målføra i Dalane og tyder å lika seg, trivast. Både denne gjenstanden og andre ting museet har, syner oss at folk i eldre tid laga leike-

tøyet sjølv. Det var hendige vaksne som skar ut ymse figurar i tre, menneskefigurar eller reidskap i liten målestokk. Det var ting og tilhøve borna ville møte seinare i livet. Etter kvart som borna blir større, er det ikkje berre tidtrøyte det er snakk om, då skal dei gjera etter og læra av dei vaksne. Leik og lærdom har alltid hange i hop, men som kulturen elles, speglar leiken og leikene av tida og samfunnet me lever i.

Når forfatteren til dette kapitlet ser tilbake til barneåra sine i Eigersund by i 1930-åra, ser han at mykje har endra seg.

Bilen hadde då gjort sitt inntog i samfunnet, men der var ennå mange hestar i bruk, jamvel i



*Barnerangle av tre på Dalane Folkemuseum.  
Foto: John Michael Dancke*

byen. Derfor var hestar og hestekjerrer minst like vanlege som leiketøy for born som bilar, men bilane var nok blitt gjevare både i daglegliv og leik.

For jentene var det nok, då som nå, dokkene som var dei gjevaste, men påklednad og dokkevogner var prega av moten som var vanleg i dei vaksne si verd. Når gutane blei vaksne skulle dei kjøra hest eller bil og jentene skulle stella i huset og få born. Det var eit gammalt og innarbeid rollemønster. Gjennom leik og leiketøy glei desse rollene inn i borna sitt medvit.

I 1930-åra kunne ein kjøpa leiketøy av mange slag i butikkane, men for mange var dette luksus og dei måtte greia seg med heimelaga leiketøy.

### **Bilar og tynneband**

Me var naboar til ein trelasthandlar. I vedskjulet hans var det mykje interessant, mellom anna avkapp av dør- og vindaugkarmar. Den utskorne falsen døra eller vindauget skulle gå inn i i karmen, kom på avkappa fram som ein lågare del.

Dette blei som fronten og motorkassa på ein bil. Avkappa var i mange storleikar, så bilane blei sjeldan like breie, men for det meste like lange på grunn av eins breidd på karmane. Det var sjølvstekt ikkje hjul på desse klossane. Me førte dei att og fram på golvet med hendene.


Av og til teikna me hjul på sidene der hjula skulle ha vore.

Då eg i 5–6 årsalderen fekk som julegåve ein leikelastebil av tre med hjul, var eg over meg av gleda. Denne kunne kjøra når eg gav han fart. Då me seint på julafta kom heim og eg skulle prøvekjøra han på stovegolvet, fekk den så stor fart at då den støyte imot ein golvvase, fekk denne ein stor sprekk, og eg sjølv og dei andre i familien ei tilsvarende skor i gleda.

Hos oss var me lenge berre tri brør, men hadde likevel ei tøydokka med steintøyhovud. Ein av brørne mine hadde reid opp til henne i eit verktøy-skrin av tre, og her fekk og ein mannsfigur som husverten vår hadde skore ut i tre, sin plass. Desse to blei liksom mann og kone, men det blei ikkje noko fres i leiken med dokker før me fekk ei syster, som då blei nummer fire i flokken.

Vårt mest avanserte leiketøy var ein stor leikebil som ein onkel som var snikkar hadde laga til oss. Den var på storleik som ein trøbil og var laga av tre og med motorkasse av kryssfiner og med tjukke kompakte trehjul. Me måtte skuva han med handamakt og me skiftast om å kjøra og skuva. Motorkassa virka som ein resonanskasse. Eg minnest ennå larmen frå bilen når me fekk han opp i fart i den brusteinlagde Storgata i Egersund.

Elles hadde me ein trihjulsykkel der ramma og styret var av jern, men hjula runde treskiver med ein gummiring rundt.



*Desse trefigurane er laga av snikkar og tollrorskar Nils M.A. Larsen (1833 – 1899) i Egersund til borna sine. Den store dokka vart kalla Kari Trestakk. Dei andre figurane er ein sjømann, ei kone og ein fiskar som berer eit trau.*

*Foto: John Michael Dancke \* Dalane Folkemuseum*

Eit billeg og vanleg leiketøy var «tynnebandet». Som namnet seier, var det opphavelig eit band frå ei tynna, men i mi tid var omgrepet «tynneband» helst nytta om ein sykkelfelg eller ein tjukk ståltråd som var bøygd til ein ring og sveisa ihop. Dette blei då eit hjul som gutane sette fart på med ein pinne. På flat mark eller opp ein bakke måtte

ein stadig slå på bandet for å halda det i fart, men ned bakke måtte ein sjølvsgt bremsa med pinnen. Når ein bruka ein sykkelfelg, kunne ein og få fart på hjulet ved å pressa slagpinnen på langs undanfå inn i holninga i felgen. Dei førte då tynnebanda føre seg og kunne få opp ein stor fart. Mange var reine ekspertar på dette. Ein kunne kjøra slalåm



Trilling av påskeegg på Nesvåg i Sokndal omlag 1975. Mange tek egg med seg ut i friluft og koker dei ute. Nokon koker dei heime og målar dei med fargar og tek dei med seg ut for å trilla og eta dei. Ein informant frå Nesvåg (f.1910) seier at skikken med å koka påskeegg ute er gamal, men at born frå Nesvåg lærte å trilla egg av born i Jøssingfjord i 1930-åra. Det å måla egga var heller ikkje vanleg i hennar barndom. Kokinga av egg ute gjekk då føre seg på 2. påskedag, då ein måtte halda seg i ro dei andre dagane i påsken.

I følge Ørnulf Hodne: Påske. Tradisjoner omkring en høytid. Oslo 1988, s.130 ff. er det å trilla påskeegg ukjent i Noreg. Om bruken av påskeegg kan ein elles lesa i Lilly Weiser-Aall: Påskeegg i Norge. Kilder og problemer. By og Bygd. Norsk folkemuseums årbok 1957-58, s.137 ff.

Foto: Arvid Midbrød.

eller i ring eller balansera oppå ein smal fortaukant o.s.b. Andre stader kalla dei denne leiken for singleband eller trillehjul og er ein svært gammal og utbreidd måte å leike på. Omkring år 300 før Kristus nemner grekaren Hippokrates denne måten å leika på og leiken er og kjent frå andre verdsdelar.<sup>1</sup>

### Spela mabliss

Å spela kulespel ute på gatene var i mange år svært vanleg i Egersund. Det kan henda at det var særleg utbreidd i Egersund på grunn av den lette tilgangen på kuler. Dei som blei mest brukt her blei nemleg laga på Egersunds Fayancefabrikk. Me finn dei nemde fyrste gongen i varekataloger frå fabrikkjen i 1891. Dei blei då laga i tri storleiker. Prisen frå fabrikkjen var for nr.1 kr.8,- for 1000 stk., for nr.2 kr.10,- for 1000 stk. og for nr.3 kr.12,- for 1000 stk. I dei eldste katalogane er kulene kalla for kiksekuler. Siste gongen dei er nemde er i 1926. Dei blir då kalla for klinkekuler.

Dei blei selde både målte og umålte. Målinga var blå og raude streker rundt kula vinkelrett på kryss og tvers. Dei umålte var kvite eller lyst grå. Godset var brend leir.

I 1909 laga dei kuler i fem storleiker med tvermål 18, 19, 20, 23 og 28 mm. Då kunne dei få kjøpa dei i lerretsposar med 50 eller 100 kuler i. Kvar storleik hadde sitt namn. Pisene (eller piseroggane) var små. Halvbomrene og bomrene var store. Nokon blei kalla for lerjer, men det var kuler som på eit eller anna vis var blitt vanskapte. Kan henda er ordet piserog avleida av engelsk piece of rock, steinstykke, og tyder då på høg alder.

Når dei spelte med kulene sa dei at dei spelte




*Denne tremannen er laga omkring 1930 og brukt som leiketøy i familien til forfattaren av denne artikkelen. Hovudet har likskap med ein byste av Frithjof Nansen som blei laga på Egersund Fayancefabrikk i 1920-åra.*

*Foto: John Michael Dancke \* Dalane Folkemuseum*

mabliss. Ordet fortel oss at spelet er kome frå utlandet. Det engelske ordet marble, fleirtal marbles, tyder marmor, men blir og nytta om kiksekuler av glas, stein eller leir.<sup>2</sup> Når me ser nærmare etter er dette spelet kjent frå mange land, m.a. U.S.A.<sup>3</sup> og Danmark<sup>4</sup>.

Mabliss-spelinga i Egersund i fyrste del av dette århundret er omtala i Dalane Tidende for 26. mai





*Gutar som spelar mablis ved uthuset til Ludvig Feylingsgate 24 i Egersund omlag 1910 – 1915. Nokon stader hadde borna spelt kuler mot veggen så lenge at det var merker i nedre bordet. Biletet er måla av Anders Feyling (1868 – 1964).*

1961 (med eit tillegg 31. mai). Spelet var og vanleg i Stavanger.<sup>5</sup>

### Utandørsleik

Av utandørs leiker var det mange: Slå ball, slå pinn (jeppe), slå eks (X) m.m. Det var helst gutane som dreiv med dette. Jentene holdt seg mest til dokker, ballspel og hinking (hoppa paradis).

Å leike tikken var mykje brukt. Ein slag tikke-

leik blei kalla latikk (av lad = fortau) og gjekk føre seg berre på fortaua.

Så var det mange slags gøymeleiker: Bom, spillaren, steinen på tynnå, lite vink, o.s.b. Det meste av det som er nemd her, eller variantar av dette, er kjent frå andre stader og.

Uteleikene gjekk føre seg på faste tider i året. Ball-slåinga starta ved påsketider, og så gjekk det slag i slag fram etter våren og sommaren. Det var ofte faste plassar dei møttest på når dei skulle leika.<sup>6</sup>

På vårparten var det mange bygutar som tok med seg ein pose jordeple, ein ståltråd og fyrstikker og gjekk i Varberg og steikte jordeple over open eld. Jordeplene blei tredde på ståltråden og haldne over elden. Dei smaka herleg, men til sine tider blei nokon av dei for mykje brende og måtte hivast.

Elles var Varberg ein ynda plass for gutar som leikte indianar og kvit (eller cowboy), og då kunne det til sine tider gå hardt for seg.

### Påskan

Elles har det i Egersund heilt opp til vår tid vore ymse slag leikar som har vore knytt til høgtider og gamle merkedagar.<sup>7</sup>

Ei tid før påske tok me til å samla skalet på lauken som me brukte i matlaginga. Det skulle me ha i eggvatnet 1. påskedag for å få ein fin gulfarge på påskeegga. Det hende og at me hadde farga krepp-papir i eggvatnet, eller at me malte eller teikna på egga etter at dei var kokte. Når me skulle eta dei om morgonen 1. påskedag, måtte me fyrst sjå kven som hadde det sterkaste egget. Fyrst støytt me den spisse enden på egget mot den

andre sitt egg, deretter den butte. Ein støyte og den andre haldt egget stilt annankvar gong. Dei som hadde god råd og mange egg tok med seg ein pose egg ut på byen for å knikka med andre. Fyrste møtestaden for mange var Grisatorget i Storgata. Her spelte Egersund Musikkorps påskekoralar frå kjøpmann N. Hegdal sitt hustak frå kl. 8 om morgonen. Korpset drog deretter til sjukehuset og gamleheimen på Damsgård, og born og vaksne fylgde med. Her møtte «dei Damsgård» opp med sine egg, og det blei «knikt» egg så gata var strødd med eggeskal.

Under krigen kunne denne skikken ikkje halddast oppe på grunn av matmangelen. I dei fyrste åra etter krigen tok skikken seg litt opp att, men er nå heilt utdøydd som friluftisleik.

Ein liknande leik held dei ennå oppe i Sokndal, særleg i Jøssingfjord, Årstad og Nesvåg-krinsane. Her tek dei egga med seg ut til ein stad der det er ein bratt grasbakke i nærleiken. Når egga er godt kokte, stiller borna seg på ei rekke og triller egga utføre bakken. Også nå er det gjevast å ha det sterkaste egget. Etterkvart som egga blir knuste, blir dei etne.

## Lussi

Lussikvelden, 12. desember, klær borna i Egersund/Eigersund og Sokndal seg ut og går «lossi». Det er ein skikk som liknar mykje på å gå julebuk. Nå for tida kler nokon seg ut som nissar, men tidlegare kledde dei seg meir ut som skræmande vesen, og det blei sagt at ein måtte passa seg for Lussi. Heilt opp til siste krig var det vanleg i Egersund og teikna «lossi» på husveggene som ein kvinnefigur eller som ei sol, ein rund ring med strålar ut





*Kvelden før Lussinatta, natta til 13. desember, har borna i Egersund og områda omkring den skikken at dei «går Lossi». Før var det mest for å skræma andre og ha det moro, men i seinare tid har det blitt til at borna går på husbesøk for å få gotterier i posane dei har med seg.*

*Foto: Arvid Midbrød, omlag 1970.*

frå ringen og med ein loddrett strek i midten. Dette er både ei sol og eit symbol for kvinnekjønn. Det peikar tilbake på eldgamle dyrking av den livgjevande sola og det som hadde med forplanting og nytt liv å gjera. Etter gamal tidsrekning var Lussinatta den lengste natta i året. Då skulle sola snu.

Desse teikningane blei i vår tid sett på som ufine, og det var berre dei mest vågsame gutane som





*Gjennom lek skulle borna læra om ting og tilhøve dei fekk bruk for i vaksen alder. Her er miniatyr av treskemaskin og led dhary frå Barstad i Sokndal, laga og brukte som leiketøy omlag 1913. Foto: John Michael Dancke \* Dalane Folkemuseum*

drev på med dette når det var mørkt. Slike symbol er og kjend frå andre stader.<sup>8</sup>

I Egersund blei lussifigurane som blei teikna i

tidlegare tid ofte utstyrt med ein kross, som syner oss at det og var kristne element inne i dette.<sup>9</sup>

### Husdyrstell

Til denne tid har me for det meste snakka om born og leik i byen. På landet levde borna nærare naturen og arbeidslivet på garden. Dette synt seg og i leiken deira. Det har Ingvald Omdal (1897 – 1973) frå Åmdal i Eigersund vist oss på ei framifrå måte:<sup>10</sup>

«Det gjekk på fjøsbygging, somme tider berre ei inngjerding av småstein, seinare som innsikt og krefter auka, blei fjøsa til steinvegger (langvegger) innåt ein større stein i bakgrunnen, kvister eller stein til tak som blei tekt med torv. I fjøset fekk kyrne plass, og kyrne var kuklauver, som det var råd å få seg ny forsyning av kvar gong far kom heim frå byen med kuføter han hadde kjøpt til søndag-middag og med kraft til mjølje. Kuføtene var flådde til «nattklauvene». Skinnen nedanfor blei skålla, og under opphetinga før skållinga losna klauvene, og me fekk dei finaste kyrne me kunne ynskje oss. Om dagane hadde me kyrne på beite, oftast vel inngjerda med pinnar eller småsteinar, men det var oftast fleire «leikedagar» til dagen. Derfor var det travelt, serleg med frakting til og frå beitet. Dei blei flytte i rekkje og rad etter faste vegar så langt den vesle armen kunne rekka, til alle stod på rad, og så skulle den fremste flyttast ein ny halv meter, og slik halvmeter for halvmeter til alle var framved fjøset eller på beitet.

Sauene var meir kravlause om hus. Dei laut nøya seg med open inngjerding (utan tak over). I staden fekk dei den æra å bli borne i huva når dei skulle på beite. Sauene var som regel betar av sundslegne steintykar. Det greide seg med heilt

kvite «gudl», som me kalla dei, men var me så heldige å få tak i betar av steinty som hadde vore figurerte med måling frå Fajansen, då var desse betane reint som premiesauer i vår tid. Lamma var av same fabrikat, men mindre sjølvsgagt, og det gjekk med både eit og to pr. sau, etter storleiken på sauene. Når sauene skulle tas «av jordet» bar det til «Høga Heiå» med dei, eit platå eit stykke opp i Smalareket på ein halv kvadratmeter, dekt då som nå av berre fjellmarikåpe. Men når dei skulle på Heiå (Lilandsheia), då bar det like til ei to på Bratta Kleivå. Der stod stårren lang og grøn, så sauene kom ganske vekk i graset, men her var dei trygge for jerv og anna utyske. Ikkje ei ku kunne koma til her å trø dei i betar. Nå var me frie sauene i heitaste slåtten, og kunne bera dei tilbake i huvene når hausten kom.

I mens var me handelsmenn, bygde oss hus i Smalareket, eller tok naturlege hellerar i bruk. I sorpefenet med Klåsteinen fann me deig til brødbaking, forma dei fint til grislebrød (med strekane tvert over), fine brød og sandkaker (rettelege sandkaker) for sorpekaka blei strødd med ekte sand. Så blei dei lagde på den flate steinen attmed rauenen og steiktest godt i høyveret til dei var klar til sal i butikken oppunder steinhelleren i Smalareket. Her var det også råd å få kjøpa sukker (sand), kveitemjøl (laus mold) og eit og anna elles som måtte vera aktuelt til ei kvar tid.

### **Bomming**

Leikane våre elles frå 7–8-års alder til konfirmasjonstid var av mange slag. Ute-leikane som kan nemnast var bomming, ballslåing helst ved påsketider, slå på pinne, tikken, ball i holå, ball på

veggen, ball i huå, bytta sæte, slå på ringen, tri mann i vinden, siste par ut, bru, bru, breia, veva vadsmål. Inneleikar var gnavspel, damspel, selja lerret, blindingtju, bytta namn, sitja forundringstol (også for vaksne), tripp, trapp, tresko, gje par odde, og sikkert fleire som er gløymde.

Bomminga gjekk helst for seg rundt huset «vårt». Ein skulle stå ved Bommesteinen og telja til 50 eller 100, og når det var gjort måtte alle dei andre som var med ha gøymt seg, elles kunne dei bommast. Bommesteinen stod frå først av litt sør for søre hjørna av huset. Seinare blei han flytt tvert over vegen dit han nå ligg. Ein kikkar stilte seg ved øystre hjørna og ein ved vestre og skulle sjå kva veg «ståmannen» kom på leiting. Når han kom t.d. mot aust kunne den på vest springa og bomma seg. «Bomm eg», sa han og var sikra mot å stå i neste omgang. Kikkaren i aust sprang til hjørna i nord, der slumpen stod i lang rekkje bakom ein annan, og dersom ståmannen ikkje kunne sjå meir enn halvparten av kroppen, var det godt som han ikkje var sedd, og kunne ikkje bommast. I mellomtida kunne dei snarføtte ha sprunge frå nord omkring vesthjørna og bomma seg dersom ståmannen ikkje snudde om fort nok og var før han med steinen. Var han det, sa han «Bom Ingvald», og var I. den første som blei bomma, måtte han stå neste gong. Slik til alle hadde bomma seg eller var bomma. Huset til farbror Petter, «Der ute», og buskane i Osmundstonå og Reivegsteinen blei også brukte til bommeplass i Pintlo. – Når høysåtene stod i rekkje og rad utover sletta om sommaren, hadde me vel brukande gøymestader, ja til og med kornstaurane blei nytta til gøymeplasser.

## Slå ball

Når det lei mot påsketider, kom ballane og selte-trea fram. Frå først av var det berre tale om «kludaballar». «Skalet» var samansydd 3-kanta ty-stykke, oftast av ulike fargar, eller eins-leta skinn-restar av utsletne skinnbukser. Dei siste var svært sterke. Seinare kom viskelersballar til, somme far-geglade, andre grå gummi. Kompakte ballar kom til langt seinare. Kludaballane fekk til innmat tøy-restar eller høy eller halm, putta inni når dei 8–10 tri-kanta betane var samansydd så mykje at det var att ein saum, som måtte syst med hand. Den vanlege plassen for ballslåing var «Hagen» framfor huset heime, hagen hadde den gong steingjerde rundt, med opning mot vest. Kwart år vart det dyrka poteter i Hagen. Om våren låg han der svart, men det var ikkje lenge før molda var hard-trakka som betong, og det var eit hardt arbeid å spa han opp når den tida kom, og ikkje mindre hardt og horva molda og slå sund klumpane før jordeplene kunne setjast. Som oftast var hagen siste molen jord som fekk sitt stell i vårvinna. Øystre enden var fråstengd med netting-gjerde mot sau. Det var frukt- og bærhagen med ein stikkels-bærbusk, som bæra var vel teljande på, eit plom-metre som det visstnok var plommar på ein gong, ei bjørk i øystre hjørna og på ein liten flekk i vestre hjørna sådde ein ringblomfrø om våren, og dei blomstra verkeleg.

Ungdommen fekk lov å slå ball helgedagane i påsken på Seljefedå og Melsteigen, men grasmar-ka hadde lett for å få svarte sårmerke etter trak-kinga av 30 par treskor. Om helgedagane hadde dei rikaste lerskor, og dei gjorde ikkje mindre vondt på grasgroen.

Regle: Påske, påske skal me spela ball, det er

ikkje sant, det er bara jentene som masar så mangt.

## Spela pinn

Ikring pinsti spela me pinn. Spelestad: ein plass der det ikkje voks gras, altså på veggen. To ikkje alt for ulagelege steinar blei plasserte ca. 20 cm frå kvarandre. Over dei ein liten pinne ca. 30 cm. Ein passeleg lang stav, ofte «ranklestav» av hatl. Del-takarane inndelt i to lag, eit innelag og eit utelag. Første mann av innelaget tek staven og vippar litlepinnen så langt han berre kan, legg staven tvert over steinane, og ein av utelaget må stå der pinnen datt ned (eller får lov å koma så langt inn som til utemålet), og derfrå siktar han inn staven og prø-ver å slå han av eller få han til å røra på seg. Greier han det er spelemannen «ute». Blir staven liggjan-de i ro, held spelaren fram med «priklen», held litlepinnen i eine handa og staven i andre, slår med staven på pinnen så langt han ynskjer. Utemannen hiv inn pinnen og prøver å få han så nær steinane at innemannen ikkje får «mål», d.v.s. så langt frå steinane (midt i mellom) som litlepinnen er lang. – Eit mål – Ligg pinnen lenger frå mæler han med pinnen kor mange pinnelengder det blir. Så mange mål. Innemannen har lov å møte litlepinnen med staven og slå han tilbake så langt som mogeleg, fleire mål. Mens han ventar på at pinnen skal koma inn, står han og prikklar med staven mellom steinane, derav namnet. Neste runde er å «slå to gonger». Spelaren løfter pinnen opp med staven, slenger han opp i lufta og slår til han mens han er i lufta og får han av stad lengst mogeleg. Så måler han fråstandet med pinnen og legg dei nye mål til dei han har frå før. Treffer han ikkje pinnen i lufta,

er han ute. Har alt gått bra, startar han på ny omgang. Når han er ute, går turen til neste. Og så vidare til alle i laget har hatt sine sjansar. Så kjem utelaget inn, utelaget kan bryta med å ta hyss. Slå på pinne var eit slag gøyme- og frelseleik.»

Før var det i mest all leik eit oppdragande ele-

## Notar

1 Spill og leker fra hele verden. Oslo 1984, s. 181 ff.

2 Oxford Advanced Learners Dictionary of Current English. London 1974.

3 Smithsonian. Vol. 19, number 1.april 1988, s. 94 ff. (Washington).

4 Det legede vi med. Gammelt leketøy i Danmark. København 1982, s. 22.

5 M. Norland: Stavanger og stavangerne i de hvite seils tid. Stavanger 1934, s. 218 f. Ny utg. Stavanger 1974, s.210 f. Thor G. Norås: Jeg og kulturen min. Stavanger 1973, s.78 f. Thor G. Norås: Barnet i liv og lek. Stavanger 1976, s.122.

6 Ætt og Heim. Rogaland Historie- og Ættesogelag. Stavanger 1960, s. 37 og 45.

ment. Borna skulle gjennom leiken læra det dei i vaksen alder fekk bruk for. Kan henda har borna i dag alt for mange leiketøy som er meir til skade enn til gagn. Når det gjeld leik og leiketøy har me nok mykje å læra av tidlegare tider.

Eit prov for dette finn me i ei lysing i Egersundsposten for 20. april 1881, der eigaren av ein av dei nemnde stadene, Årstad g. nr. 13, buk nr. 27 i Eigersund, fredlyser sine eigedomar for ferdsel og ballspel.

7 O.A. Løwold: Fra Dalene. Stavanger 1895, s 21 f. og 52. Egersundsposten nr. 80 og 81 – 1912 (stjernebæring) Norges bebyggelse. Herredsbind Rogaland. Søndre del. Oslo 1957, s. 147.

8 Thor G. Norås: Barnet i liv og lek. Stavanger 1976, s. 111 ff.

9 Egersundsposten nr. 101. 24. desember 1915, s. 1.

10 Årbok for Dalane. Nr. 8. Dalane Folkemuseum. Årbok 1986, s. 52. ff.

## Arvid Midbrød

Styrar ved Dalane Folkemuseum.

Adresse: Dalane Folkemuseum, Slettebø, 4370 Egersund.